

## Innkalling

---

**Utval:** Fjord kontrollutval  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, rådhuset  
**Dato:** 03.02.2025  
**Tidspunkt:** 10:00

---

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: [post@sksiks.no](mailto:post@sksiks.no) eller på telefon 926 11735

Varamedlem møter etter nærare beskjed frå sekretariatet.

Det er et ønske frå sekretariatet å endre dato for 4. møte i kontrollutvalet. I møteplanen er dette avtalt til måndag 8. september som er dagen for Stortingsvalet. Sekretariatet foreslår måndag 15. september som ny møtedato for utvalet.

### Sakliste

PS 01/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte  
PS 02/25 Orienteringar  
OS 01/25 Oppfølging av forenkla etterlevingskontroll 2024 på kommunale eigedelar.  
PS 03/25 Meldingar og skriv  
MS 01/25 Protokoll frå årsmøte i Attvin 26.11.2024  
PS 04/25 Rapport etter interimrevisjon 2024 Fjord kommune  
PS 05/25 Bestilling av prosjektplan til forvaltningsrevisjon innan personalforvaltning  
PS 06/25 Årsmelding 2024 frå Fjord kontrollutval

Ålesund, 27.01.2025

Johan Arnt Overøye  
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar SKS IKS

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 01/25	Fjord kontrollutval	03.02.2025

### **Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte**

**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

**Vedlegg**

Møteprotokoll - Fjord kontrollutval - 04.11.2024

## Møteprotokoll

---

**Utval:** Fjord kontrollutval

**Møtestad:** Fjord rådhus, Valldal

**Dato:** 04.11.2024

**Tidspunkt:** kl. 10:00 - 11:00

---

### Følgjande medlemmer møtte

Anders Jørgen Gjerde

Johan Arnt Overøye

Jonas Falch

Tanja Mathiesen

### Forfall

Annrid Margrete Nerhus

### Møtande varamedlem

### Møtenotat

Frå administrasjonen møtte kommunedirektør Bjørn Inge Ruset.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte Bjørn Tømmerdal.

Johan Arnt Overøye  
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar SKS IKS

## **Sakliste**

- PS 21/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 22/24 Forenkla etterlevingskontroll 2024 - Privat bruk av kommunale eigendelar
- PS 23/24 Nummerert brev nummer 2 2024. Etter gjennomført forenkla etterlevingskontroll på området privat bruk av kommunale eigendelar.
- PS 24/24 Plan for eigarskapskontroll 2024 - 2027 Fjord kommune
- PS 25/24 Møteplan 2025
- PS 26/24 Meldingar
- MS 07/24 Aktuelle kurs i 2025.
- MS 08/24 Protokoll frå årsmøte i Møre og Romsdal Revisjon SA 06.06.2024

## **PS 21/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte**

**Fjord kontrollutval 04.11.2024**

### **FKU 21/24 Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenne innkalling, sakliste og protokoll frå førre møte slik den ligg føre.

### **Behandling**

Samrøystes vedteke.

## **PS 22/24 Forenkla etterlevingskontroll 2024 - Privat bruk av kommunale eigendelar**

**Fjord kontrollutval 04.11.2024**

### **FKU 22/24 Vedtak:**

Fjord kontrollutval tek forenkla etterlevingskontroll rapporten til vitande.

### **Behandling**

Kommunedirektøren orienterte om dei tiltak som vil bli satt i gang med bakgrunn i etterlevelseskontrollen. På administrativt leiarmøte 5. november 2024 vil dette være tema og kommunedirektøren vil sette i gang arbeidet med etablering av rutiner som påpeika frå revisjonen. Kontrollutvalet vil følge dette opp og invitere kommunedirektøren tilbake på deira neste møte 3. februar 2025 for meir informasjon.

Samrøystes vedteke.

### **Sekretariatet si tilråding:**

Fjord kontrollutval tek forenkla etterlevingskontroll rapporten til vitande.

## **PS 23/24 Nummerert brev nummer 2 2024. Etter gjennomført forenkla etterlevingskontroll på området privat bruk av kommunale eigendelar.**

## **Fjord kontrollutval 04.11.2024**

### **FKU 23/24 Vedtak:**

Fjord kontrollutval tek det nummererte brevet til vitande.

Kontrollutvalet bed revisjonen sjå til at manglar på dokumentasjon og oppfølging av retningslinjene for privat bruk av kommunale eigendelar blir fulgt opp av kommunedirektøren.

### **Behandling**

Samrøystes vedteke.

### **Sekretariatet si tilråding:**

Fjord kontrollutval tek det nummererte brevet til vitande.

Kontrollutvalet bed revisjonen sjå til at manglar på dokumentasjon og oppfølging av retningslinjene for privat bruk av kommunale eigendelar blir fulgt opp av kommunedirektøren.

## **PS 24/24 Plan for eigarskapskontroll 2024 - 2027 Fjord kommune**

## **Fjord kontrollutval 04.11.2024**

### **FKU 24/24 Vedtak:**

Fjord kontrollutval sluttar seg til det framlagte forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2027.

Saka sendast kommunestyret med slik tilråding til vedtak:

- Kommunestyret vedtar plan for eigarskapskontroll 2024 - 2027. Første prioritet bør vere å få utarbeid ei oppdatert eigarskapsmelding for Fjord kommune i tråd med kommunelova. Kontrollutvalet bør vente med bestilling av eigarskapskontroll til denne meldinga er vedtatt av kommunestyret.
- Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar i planen. Ei slik eventuell justering av planen bør bygge på eventuelle endringar i risikobiletet og dei signal som kjem fram i eigarskapsmeldinga.

### **Behandling**

Samrøystes vedteke.

### **Sekretariatet si tilråding:**

Fjord kontrollutval sluttar seg til det framlagte forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2027.

Saka sendast kommunestyret med slik tilråding til vedtak:

- Kommunestyret vedtar plan for eigarskapskontroll 2024 - 2027. Første prioritet bør vere å få utarbeid ei oppdatert eigarskapsmelding for Fjord kommune i tråd med kommunelova. Kontrollutvalet bør vente med bestilling av eigarskapskontroll til denne meldinga er vedtatt av kommunestyret.
- Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar i planen. Ei slik eventuell justering av planen bør bygge på eventuelle endringar i risikobiletet og dei signal som kjem fram i eigarskapsmeldinga.

## **PS 25/24 Møteplan 2025**

**Fjord kontrollutval 04.11.2024**

### **FKU 25/24 Vedtak:**

- måndag 3. februar 2025
- måndag 24. mars 2025
- måndag 26. mai 2025
- måndag 8. september 2025
- måndag 3. november 2025

Møta starta kl. 10.00 og blir halde på rådhuset i Valldalen viss ikkje noko anna blir avtalt.

### **Behandling**

Samrøystes vedteke.

### **Sekretariatet si tilråding:**

- måndag 3. februar 2025
- måndag 24. mars 2025
- måndag 26. mai 2025
- måndag 8. september 2025
- måndag 3. november 2025

Møta starta kl. 10.00 og blir halde på rådhuset i Valldalen viss ikkje noko anna blir avtalt.

## **PS 26/24 Meldingar**

### **MS 07/24 Aktuelle kurs i 2025.**

**Fjord kontrollutval 04.11.2024**

#### **FKU 07/24 Vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

#### **Behandling**

Samrøystes vedteke.

#### **Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

### **MS 08/24 Protokoll frå årsmøte i Møre og Romsdal Revisjon SA 06.06.2024**

**Fjord kontrollutval 04.11.2024**

#### **FKU 08/24 Vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

#### **Behandling**

Samrøystes vedteke.

#### **Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.



## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 02/25	Fjord kontrollutval	03.02.2025

## Orienteringar

### Underliggende saker

01/25 Oppfølging av forenkla etterlevingskontroll 2024 på kommunale egedelar.

### Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
OS 01/25	Fjord kontrollutval	03.02.2025

### **Oppfølging av forenkla etterlevingskontroll 2024 på kommunale egedelar.**

#### **Fjord kontrollutval**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

#### **Bakgrunnsinformasjon:**

I sitt møte 4. november 2024 gjorde Fjord kontrollutval følgande vedtak:

*PS 22/24 Forenkla etterlevingskontroll 2024*

*Privat bruk av kommunale eigendelar Fjord kommune*

#### **FKU 22/24 Vedtak:**

*Fjord kontrollutval tek forenkla etterlevingskontroll rapporten til vitande.*

#### **Behandling**

*Kommunedirektøren orienterte om dei tiltak som vil bli satt i gang med bakgrunn i etterlevelseskontrollen. På administrativt leiarmøte 5. november 2024 vil dette være tema og kommunedirektøren vil sette i gang arbeidet med etablering av rutinar som påpeika frå revisjonen. Kontrollutvalet vil følge dette opp og invitere kommunedirektøren tilbake på deira neste møte 3. februar 2025 for meir informasjon.*

*Samrøystes vedteke.*

## **Vurdering:**

Sekretariatet har bede kommunedirektør Bjørn Inge Ruset gje kontrollutvalet ei oppdatering på arbeidet med rutinar slik det kjem fram i møteprotokollen frå 4. november 2024.

Kommunedirektøren har bekrefta til sekretariatet at han kjem på møte og gjev ei slik orientering.

Med bakgrunn i denne orienteringa vil kontrollutvalet sjølve kunne vurdere om det er behov for fleire kontrollhandlingar.

## Saksframlegg

Saksnr. Utval  
PS 03/25 Fjord kontrollutval

Møtedato  
03.02.2025

## Meldingar og skriv

### Underliggende saker

01/25 Protokoll frå årsmøte i Attvin 26.11.2024

## Saksframlegg

Saksnr. Utval  
MS 01/25 Fjord kontrollutval

Møtedato  
03.02.2025

### **Protokoll frå årsmøte i Attvin 26.11.2024 Fjord kontrollutval**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

#### **Bakgrunnsinformasjon:**

Kontrollutvalet får protokollen frå årsmøte i Attvin som var halden 26. november 2024. Kontrollutvalet får det som informasjon fordi kontrollutvalet skal vere kjent med eigarmøter/årsmøter i selskap kommunen har eigarinteresser i.

#### **Vedlegg**

Protokoll frå generalforsamling i Attvin 26.11.2024

Bjørn Inge Olsen  
Einar Arve Nordang  
Håkon Lykkebø Strand  
Kenneth Langvatn  
Olav Harald Ulstein  
Terese Jemtegård Moen  
Turid Kristin Sand Humlen  
Vebjørn Krogsæter

## Protokoll frå generalforsamling i Attvin AS

Tysdag 26. november kl. 0900 i Attvin sine lokale i Alvikvegen 212 i Ålesund.

### Saker til behandling:

#### SAK 1: Opning og registrering av frammøtte aksjonærar

##### Behandling i møtet:

Styreleiar Liv Stette opna generalforsamlinga

Aksjonærane som var til stades som deltakarar på møtet var:

Namn	Aksjonær	Aksjer	Aksjedel
Håkon Lykkebø Strand og Vebjørn Krogsæter	Ålesund kommune under sletting fra 01.01.2024	1 080	90,00 %
Turid Kristin Sand Humlen	Sula kommune	29	2,39 %
Kenneth Langvatn	Giske kommune	26	2,17 %
Olav Harald Ulstein	Sykkylven kommune	23	1,95 %
Bjørn Inge Olsen	Vestnes kommune	20	1,67 %
Einar Arve Nordang	Stranda kommune	14	1,16 %

<u>Forfall:</u>			
Terese Jemtegard Moen	Fjord kommune	8	0,66 %

I tillegg møtte styreleiar Liv Stette, dagleg leiar Øystein Solevåg, økonomisjef Tor Langlo-Johansen og leiar av marknadsavdelinga, Caroline Mehl Nakken

## **SAK 2: Val av møteleiar og to personar for å underteikne protokollen**

### Vedtak:

Styreleiar Liv Stette blei vald til møteleiar.

Einar Arve Nordang blei valde til å underteikne protokollen saman med møteleiar.

## **SAK 3: Godkjenning av møteinnkalling og dagsorden**

### Vedtak:

Møteinnkallinga og dagsorden blei godkjend.

## **SAK 4: Budsjett for 2025**

### Behandling i møtet:

Økonomisjef Tor Langlo-Johansen orienterte. Orienteringa ligg ved protokollen saman med den generelle orienteringa om arbeidet i selskapet som blei gitt til slutt i møtet.

### Vedtak:

Generalforsamlinga vedtar budsjettet for Attvin AS for 2025.

## **SAK 5: Instruks for valkomiteen i Attvin AS**

### Behandling i møtet:

Styreleiar Liv Stette orienterte. Det blei streka under at valkomiteen bør fremje forslag til klageutval på neste generalforsamling.

Vedtatt instruks ligg ved protokollen.

Vedtak:

Generalforsamlinga vedtar instruks for valkomiteen for Attvin AS.

**SAK 6: Godtgjersle for valkomiteen i Attvin AS**

Vedtak:

- 1) Medlemmene i valkomiteen får ei møtegodtgjersle tilsvarende 1,6 % av G, per mai 2024 tilsvarar dette 1 898 kr per møte.
- 2) For øvrige kostnader (i hovudsak reise) gjeld «Reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår» for Ålesund kommune.

*Protokollen blir elektronisk signert.*

Kopi av protokollen sendast til:

Styret i Attvin AS

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal

Møre og Romsdal Revisjon SA

Ålesund kommune

Giske kommune

Fjord kommune

Haram kommune

Stranda kommune

Sykkylven kommune

Vestnes kommune





Sula kommune

EY



Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokumentet er signert med Addo Sign sin sikre digitale signatur. Underskriverens identitet er fysisk registrert i det elektroniske PDF-dokumentet og er vist nedenfor. Alle tider er gitt i koordinert universaltid (UTC).

## Underskrivere

  <b>Einar Arve Nordang</b> Ordfører i Stranda kommune a271f586-b30b-4586-a215-ffa9a0ba4fbf 2024-11-27 13:52:16Z	  <b>Liv Stette</b> Styreleder 806f2a4c-bac9-42d0-a102-2f2691aae0f6 2024-11-27 15:46:52Z
--	--

## Dokumenter i transaksjonen

Instruks for valkomiteen i Attvin AS.pdf	SHA256: 0b24d8e59fd015a9cc239e1afcad3a22522b2c3da78528c4da828925c965c1f5
Protokoll frå generalforsamling 26. november 2024.pdf	SHA256: cbfc8887d4b2123f1a35d45ed4cfbf18ed71f0dcb8e384709b38c05f5b6a5844
Orientering om arbeidet i Attvin - 26. november 2024.pdf	SHA256: 03cde94a1a6cc1b460398c6d3ab3c9351190d7cc58367e0fb3c6513a44810f4d



Dokumentet er digitalt signert med Addo Sign sikker signeringstjeneste. Signaturbeviset i dokumentet er sikret og validert ved å bruke den matematiske hash-verdien til originaldokumentet.

Dokumentet er låst for endringer og tidsstemplet med et sertifikat fra en klarert tredjepart. Alle kryptografiske signeringsbevis er innebygd i PDF-dokumentet i tilfelle de skal brukes til validering i fremtiden.

Hvordan verifisere ektheten til dokumentet  
Dokumentet er beskyttet med et Adobe CDS-sertifikat. Når dokumentet åpnes i Adobe Reader, vil det se ut til å være signert med Addo Sign signeringstjeneste.

## Saksframlegg

Saksnr. Utval  
PS 04/25 Fjord kontrollutval

Møtedato  
03.02.2025

### Rapport etter interimrevisjon 2024 Fjord kommune Fjord kontrollutval

#### Sekretariatet si innstilling:

Fjord kontrollutval tek interimrevisjonsrapporten 2024 frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

#### Bakgrunnsinformasjon:

Interimsrevisjon er den revisjonen som blir gjennomført i løpet av året for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som forutsett gjennomåret. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

Revisor har eit sjølvstendig fagleg ansvar for å revidere årsrekneskapen til kommunen i samsvar med lov, føresegnar og god kommunalrevisjonsskikk. Rekneskapsrevisjon omfattar kommunen sin årsrekneskap, og dessutan årsrekneskapen i eventuelle kommunale føretak.

Årsrekneskapane skal reviderast før dei blir lagde fram for handsaming i kommunestyret. I tillegg til revisjon av årsrekneskapen til kommunen vil også oppgåvene til revisor omfatte ei rekkje attestasjonar, til dømes mva kompensasjonsoppgåvene til kommunen.

Interimrapporteringa er og deler av grunnlaget for kontrollutvalet sin uttale til kommunestyre si handsaming av årsrekneskapen.

Målet med rapporteringa bør vere å gje kontrollutvalet tryggleik for at revisjonen går etter planen, og sikre at kontrollutvalet blir informert om viktige forhold som blir avdekte gjennom revisjonen. Dialogen mellom kontrollutvalet og revisjonen blir styrkt ved at revisor deltek på møta i kontrollutvalet.

**Vurdering:**

I møte i kontrollutvalet måndag 3. februar 2025 vil oppdragsansvarleg revisor Ronny Rishaug gje utvalet ein gjennomgang av interimrevisjonen 2024.


Kontrollutvalet bør merke seg merknadane på side 10 i rapporten. Kommunen har framleis ikkje innført leiingskontrollerte lønningslister. Dette har vore omtala i utvalet ved fleire høve.

**Vedlegg**

Revisor sin rapport etter interimrevisjon 2024

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA



# RAPPORT ETTER INTERIM 2024

FJORD KOMMUNE

Interim 2024

JANUAR 2025

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeforetak eid av kommunane Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Haram, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonstenester for eigarane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund og det er avdelingskontor i Ålesund, Molde og Surnadal.

Ytterlegare informasjon kan finnast på vår heimeside:

[www.mrrevisjon.no](http://www.mrrevisjon.no)

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

## INNHOOLD

1. INNLEIING.....	4
2. INTERIMSREVISJON .....	4
2.1. RAPPORTENS INNHOLD .....	5
2.2. UTFØRT INTERIMSREVISJON .....	5
3. OPPFØLGING .....	6
3.1. OPPFLGING IDENTIFISERTE RISIKOER OG FORBEDRINGSFORSLAG FRÅ 2022 .....	6
3.2. OPPFØLGING SKRIFTELIGE PÅPEIKNINGaR FRA REVISOR – KOML. §24-7 .....	7
4. REVISJONSTILNÆRMING INTERIM .....	8
4.1. REGNSKAPSRAPPORTERING .....	8
4.2. OVERFØRING .....	9
4.3. LØNSKOSTNADER .....	10
4.4. INNKJØP.....	11
4.5. DRIFTSMIDLAR.....	12
4.6. FINANSOMRÅDET.....	13
4.7. SALSOMRÅDET .....	14
5. ATTESTASJONAR – SÆRATTESTASJONAR PERIODEN 3.5.23-31.12.23 .....	15
5.1. SKATTEETATEN .....	15
5.2. ØVRIGE ATTESTASJONAR .....	15

## 1. INNLEIING

Formålet med rekneskapsrevisjon i kommunar er å gjere revisor i stand til å gi en uttale om kor vidt kommunens årsrekneskapen i det alt vesentlege er avlagt i samsvar med lov forskrift og god kommunal rekneskapskikk.

Vår revisjon av årsrekneskapen skal bidra til økt tillit til den økonomiske informasjon som gis frå administrasjonen til kommunestyret og andre brukarar av årsrekneskapen. Revisjonen skal også medverke til å forebygge og avdekke misleg framferd og feil.

Rekneskapsrevisjon i kommunal sektor er nærare regulert i kommunelovas kapittel 24. Revisor skal utføre rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og anna kontroll som er bestemt i lov eller i medhald av lov – medrekna forenkla etterlevingskontroll.

Revisor skal planlegge, gjennomføre, dokumentere og rapportere sitt arbeid i samsvar med lov og forskrift og god kommunal revisjonsskikk.

Videre skal revisor rapportere om sitt arbeid og resultat av sin revisjon til kontrollutvalet.

I samsvar med kommunelova og gjeldande revisjonsstandardar vil revisor gje revisjonsberetning til årsrekneskapen til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet.

## 2. INTERIMSREVISJON

Interimsrevisjon refererer til en midlertidig revisjon eller gjennomgang av rekneskapen og økonomiske forhold i løpet av rekneskapsåret.

Formålet med interimsrevisjonen er å identifisere eventuelle uregelmessighet, feil eller potensielle risiko tidlegare i rekneskapsåret. Dette gir moglegheit til å korrigere eventuelle feil og gjere nødvendige justeringar frem mot årsoppgjersrevisjonen. Interimsrevisjonen kan omfatte vurdering av rekneskapsprinsipp, transaksjonar, intern kontroll og andre relevante aspekt av kommunens økonomiske styring.

Målet er å gi en vurdering av pålitelegheit og nøyaktigheit av kommunens rekneskap på eit bestemt tidspunkt i løpet av året.

Ferdigstilt interim rapporterast til kontrollutvalet for å gi kontrollutvalet tryggleik for at revisjonen går etter plana, og å sikre at kontrollutvalet blir informert om eventuelle viktige forhold som kan bli avdekt gjennom revisjonen.

## 2.1. RAPPORTENS INNHOLD

Rapporten inneheld laupande revisjon av Fjord kommune og tilhøyrande særattestasjonar i perioden.

Dersom revisor avdekkar forhold som i tråd med kommunelova §24-7 skal påpekast skriftleg til kontrollutvalet, vert dette gjort i eigne nummererte brev.

## 2.2. UTFØRT INTERIMSREVISJON

Revisor skal vurdere om den økonomiske internkontrollen er ordna på en tryggjande måte og med forsvarleg kontroll. Den økonomiske internkontrollen vil ha betydning for kommunens økonomistyring og mangel ved kommunens internkontroll vil kunne medføre risiko for feil i årsrekneskapen. I tillegg vil manglande intern kontroll medføre økt risiko for økonomiske misferd.

For å vurdere dette har revisjonen gjennomført kartlegging og vurdering av internkontrollen gjennom å foreta foreløpige analyser av kommunens rekneskap. Det er gjennomført møter med kommunens økonomiavdeling for å kartlegge samt å løyse identifiserte problemstillingar. Det er føretatt revisjon av nøkkelprossessar inkludert møter og intervju av nøkkelpersonar for å identifisere fokusområde.

Det er gjennomført test av kontroller (her under generelle IT kontroller) og gjennomført andre relevante revisjonshandlingar med fokus på transaksjonsklasser, samanfatta per revisjonsområdet i avsnitt revisjonstilnærming interim.



## 3. OPPFØLGING

### 3.1. OPPFØLGINGSPUNKT FRÅ ÅRSOPPGJERSRAPPORTEN FOR 2023

Desse punkta er teke inn på dei enkelte områda og årsoppgjer for 2024.

#### Rekneskapsrapportering

- Innføre rutinar som sikrar at tilsette som har slutta ikkje har rettigheter i kommunens økonomisystem
- Rydde fellesansvar og klargjere kva for konti som høyrer til, slik at en får en lettare årsavslutning
- Avstemme endeleg budsjett mot budsjettvedtak
- Legge ved bevillingsskjema i budsjettendringssaker, slik at nye budsjettrammer kjem klart fram
- I årsmeldinga kan ein ved avviksforklaringa gjerne starte med hovudområde før ein går på ansvar
- Alle avstemmingar av rekneskapan klare og tilgjengelege ved oppstart av årsoppgjeret

#### Overføring

- Oppdatere rutinar for området
- Avstemmingar gjennomført og tilgjengelege ved årsoppgjeret
- Nødvendige dokumentasjon ligg ved på tilskot

#### Løn

- Nytte sjekklister ved lønnskøyning for betre intern kontroll
- Arbeide med å innføre leiarbekrefte lønslister.
- Vidare avstemming/tilbakeføring av sjukepengar.
- Nytte skattetrekkkonto også for utleggstrekk

#### Innkjøp

- Dokumentasjon på vesentlege balanseposter. Eksempelvis kortsiktig gjeld.
- Følgje opp og gjennomføre nødvendige budsjettendringar på området for å sikre betre styring
- Avstemming mot eksterne kontoutdrag for vesentlege leverandørar.

#### Driftsmiddel

- Følgje opp og gjennomføre nødvendige budsjettendringar på området for å sikre betre styring
- Betre dokumentasjon på inntekter og tilskot.

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

## Finans

- Arbeide vidare med bundne fond. Knytning til tilskot, formål og rapporteringsfristar. Ein bør og utarbeide avstemming for fond som viser kva saldo består av og om dette er korrekt.
- Bankavstemmingar. anbefaler å nytte oppfølgingsmodulen for fleire bankkonti, samt at avvik vert avklara tidleg.
- Videreutlån – Her bør kommunen følgje opp jamleg og eventuelt gjennomføre budsjettendring ved behov for auka ramme.

## Sal

- Innføre totalavstemming av bokført sal mot innberetning i avgiftsoppgåvene.

## 3.2. OPPFØLGING SKRIFTELIGE PÅPEIKNINGAR FRA REVISOR – KOML. §24-7

### **Nummerert brev nr. 2/2024 – Privat bruk av kommunale eigendelar datert 25. oktober 2024.**

Dette er oppfølging av gjennomført forenkla etterlevingskontroll for 2024. Vår gjennomgang viste at:

«Kommunen har ikkje dokumentasjon eller svart ut korleis kommunedirektøren følgjer opp retningslinjene».

#### **Status:**

Det nummererte brev er ennå ikkje følgd opp frå revisjonen.

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

## 4. REVISJONSTILNÆRMING INTERIM

### 4.1. REGNSKAPSRAPPORTERING

<b>Regnskapsrapportering</b>	<b>Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger</b>
<p><b>Risiko knytt til:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Økonomisk handlingsrom (gjeldsgrad)</li><li>• Tertialrapportering og offisielt rekneskap</li><li>• Årsoppgjers-disponeringar/avslutning og strykingar</li><li>• Bruk av fond</li><li>• Budsjettjustering og budsjettavvik</li></ul> <p>Generelle IT-kontroller</p>	<p><b>Middels anslått risiko:</b></p> <p>Kommunestyret har eit ansvar for at økonomi og handlingsrom skal være forsvarleg over tid! Alltid risiko for feil i forbindelse med framlegging av rekneskapen, fleire <b>manuelle posteringar og lite rutinemessig arbeid.</b></p> <p><b><u>Interimrevisjon</u></b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Test av leiingskontrollar/budsjettoppfølgning: Tertialrapportering til kommunestyret</li><li>• Substanskontroll - Generelle IT-kontroller/tilgangskontroll</li><li>• Oppfølging fellesansvar</li></ul> <p><b>Konklusjon/merknader etter interim:</b></p> <p>Det er under interimrevisjonen av området ikkje funne forhold som indikerer endring av verken revisjonsstrategi eller risiko</p>

## 4.2. OVERFØRING

Overføringsområdet	Angrepsvinkel: Substanshandlingar
<p><b>Risiko knytt til:</b></p> <p><b><u>Overføringsinntekter:</u></b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Rammetilskot (drift)</li> <li>• Inntekts- og formuesskatt (drift)</li> <li>• Eigedomsskatt (drift)</li> <li>• Andre skatteinntekter (drift)</li> <li>• Andre overføringar og tilskot frå staten (drift)</li> <li>• Overføring og tilskot frå andre (drift)</li> </ul> <p><b><u>Overføringsutgifter:</u></b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Overføring og tilskot til andre (drift)</li> </ul>	<p><b>Låg anslått risiko:</b></p> <p>Overføringsinntekter består hovudsakeleg av overføringar frå staten som kan totalavstemmes mot ekstern dokumentasjon. Eigedomsskatt kontrollerast analytisk mot årets forventning, tidlegare års rekneskap og årets budsjett. Andre overføringar kontrollerast mot dokumentasjon frå tilskuddsyter og/eller mot budsjett. Overføringsutgifter kontrollerast i stor grad mot vedtak og/eller budsjett, samt analytisk kontroll med samanlikning mot budsjett og tidlegare år.</p> <p><b><u>Interimrevisjon:</u></b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomgang av rutinar</li> <li>• Kontroll om tilsegn/vedtak ligger ved bilag</li> <li>• Test rutinar rundt mottatte tilskot som krev særattestasjonar.</li> </ul> <p><b>Særattestasjonar blir utført laupande – tilskotsordningar mv.</b></p> <p><b>Konklusjon/merknader etter interim:</b></p> <p>Det er under interimrevisjonen av området ikkje funne forhold som indikerer endring av verken revisjonsstrategi eller risiko</p>

## 4.3. LØNSKOSTNADER

<b>Lønnsområdet</b>	<b>Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger</b>
<b>Risiko knytt til:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Lønskostnader</li> <li>• Sosiale kostnader</li> <li>• Pensjon</li> </ul>	<b>Middels anslått risiko:</b> Rutinemessige månedlege beløp for fast lønn. Noko meir komplekst (forsystem, manuelle grunnlag etc.) for variabel lønn. Høgt volum/størrelse. <b>Interimrevisjon:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Plananalyse</li> <li>• Test av kontroll - Attestasjon og tilvising av timer</li> <li>• Test av kontroll - Attestasjon og tilvising av reiserekningar – her under manuelle reiserekningar/utgiftsrefusjoner</li> <li>• Test gjennomføring avstemmingar, oppfølging avvik sjukelønsrefusjon og andre refusjonar NAV</li> <li>• Test av kontroll - pensjonsknytning nytilsette/køyring av kontrollrapport</li> <li>• Test av kontroll – Sjekklistar ved køyring av løn</li> <li>• Test av kontroll - leiingskontrollerte lønningslister</li> <li>• Kontroll - nytilsette og personale som slutte/endrar stilling</li> <li>• Kontroll – bruk av skattetrekkkonto for utleggstrekk</li> </ul> <b>Konklusjon/merknader etter interim:</b> Ikkje alle handlingane er fullført. Rutine for leiingskontrollerte lønningslister ikkje innført.  Men det er under interimrevisjonen av området som er gjennomført ikkje funne forhold som indikerer endring av verken revisjonsstrategi eller risiko

## 4.4. INNKJØP

<b>Innkjøps-/ kostnadsområdet</b>	<b>Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlingar</b>
<p><b>Risiko knytt til:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kjøp av varer og tenester (drift)</li> <li>• Momskompensasjon</li> <li>• Leverandørgjeld (bal)</li> <li>• Anna kortsiktig gjeld (bal)</li> </ul>	<p><b>Låg anslått risiko:</b></p> <p>Stor grad av rutinemessige løypande transaksjonar. Tvungen attestasjons- og tilvisingsrutine for inngående faktura. Fakturaene behandlast på mange ulike einingar.</p> <p><b><u>Interimrevisjon:</u></b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Plananalyse</li> <li>• Test av kontroll av attestasjon og tilvising</li> <li>• Vurdere budsjettering på området</li> </ul> <p><b>Konklusjon/merknader etter interim:</b></p> <p>Det er under interimrevisjonen av området ikkje funne forhold som indikerer endring av verken revisjonsstrategi eller risiko</p>

## 4.5. DRIFTSMIDLAR

Driftsmidler/investeringar	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlingar
<p><b>Risiko knytt til:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Investeringar i varige driftsmidler (inv)</li> <li>• Tilskot til andre sine investeringar (inv)</li> <li>• Sal av varige driftsmidler (inv)</li> <li>• Tilskot frå andre (inv)</li> <li>• Avskrivningar/motpost avskrivningar (drift)</li> <li>• Bruk av lån/lovleg finansiering (inv)</li> <li>• Skille mellom drift og investering</li> </ul>	<p><b>Låg anslått risiko:</b></p> <p>Stor grad av rutinemessige transaksjonar. Tvungen attestasjons- og tilvisingsrutine for inngåande faktura. Komplisert regelverk og skjønsmessige vurderingar knytt til skilje mellom drift og investering, samt vurdering av levetid på anleggsmidlane, aukar risiko for vesentlege feil.</p> <p><b><u>Interimrevisjon:</u></b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Plananalyse</li> <li>• Test av kontroll av attestasjon og tilvising (mva komp-oppgåver)</li> <li>• Vurdering rutinar rundt oversikt bygg, bruk av bygg og eventuelt endring i bruk</li> <li>• Oppfølging av dei største investeringsprosjekta /vurdere skilje drift/investering (KRS4)</li> <li>• Vurdering av levetid/avskrivning inkl. dekomponering</li> <li>• Vurdering dokumentasjon på inntekt og tilskot</li> <li>• Vurdering av budsjett pr 2.tertial</li> </ul> <p><b>Konklusjon/merknader etter interim:</b></p> <p>Vurdering av levetid/avskrivning gjennomførast under årsoppgjeret.</p> <p>Det er under interimrevisjonen av området ikkje funne forhold som indikerer endring av verken revisjonsstrategi eller risiko</p>

## 4.6. FINANSOMRÅDET

Finansområdet (res)	Finansområdet (bal)	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlingar
<p><b>Risiko transaksjonsklasser:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Renteinntekter og renteutgifter (drift)</li> <li>• Avdrag på lån (drift)</li> <li>• Utbytter (drift)</li> <li>• Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar (drift)</li> <li>• Investering i aksjar og partar (inv)</li> <li>• Sal av finansielle anleggsmidlar (inv)</li> <li>• Utlån av egne midlar (inv)</li> <li>• Avdrag på lån (inv)</li> <li>• Utdeling frå selskap (inv)</li> </ul>	<p><b>Risiko balanseposter:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bankinnskot og kontantar</li> <li>• Aksjar og partar</li> <li>• Andre finansielle plasseringar</li> <li>• Fond</li> <li>• Kapitalkonto</li> <li>• Gjeld til kredittinstitusjonar</li> <li>• Anna gjeld (obligasjons- og sertifikatlån)</li> <li>• Utlån</li> <li>• Ubrukte lånemidlar</li> </ul>	<p><b>Middels anslått risiko (før kontrolltesting):</b></p> <p>Finansområdet er samansett av mange transaksjonsklasser med ulik risikovurdering.</p> <p><b><u>Interimrevisjon</u></b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Test av kontroller – Bankavstemming</li> <li>• Test av kontroller - Finansrapportering</li> <li>• Dobbel godkjenning av betalingstransaksjonar</li> <li>• Oppfølging bundne fond – rutinar</li> <li>• Oppfølging budsjett utlån</li> </ul> <p><b>Konklusjon/merknader etter interim:</b></p> <p>Rutinar for bundne fond følgd opp i møte, men må følgjast opp nærare i årsoppgjeret.</p> <p>Det er under interimrevisjonen av området ikkje funne forhold som indikerer endring av verken revisjonsstrategi eller risiko</p>



# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

## 4.7. SALSOMRÅDET

<b>Salsområdet</b>	<b>Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlingar</b>
<b>Risiko knytt til:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Sals- og leigeinntekter (drift)</li><li>• Sjølvkostområde</li><li>• Kundefordringar (bal)</li><li>• Andre kortsiktige fordringar (bal)</li><li>• Ordinær meirverdiavgift</li></ul>	<b>Middels anslått risiko:</b> <p>Stor grad av rutinemessige løypande transaksjonar. Presumpsjon tilknytt risiko for misleg framferd tilbakevisast</p> <b><u>Interimrevisjon:</u></b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Plananalyse</li><li>• Kontroll av satsar</li><li>• Test av kontroller ved utfakturering: kontroller samsvar mellom grunnlag/forsystem og endeleg utfakturering (husleige, brukarbetalingar etc.)</li></ul> <b>Konklusjon/merknader etter interim:</b> <p>Kommunen har ikkje implementert kontrollar knytt til overføring av data frå forsystem til system for fakturering vidare til rekneskapssystemet.</p> <p>Det er under interimrevisjonen av området ikkje funne andre forhold som indikerer endring av verken revisjonsstrategi eller risiko</p>

## 5. ATTESTASJONAR – SÆRATTESTASJONAR PERIODEN 3.5.23-31.12.23

### 5.1. SKATTEETATEN

- Meirverdiavgiftskompensasjon:
  - 2.termin 2024
  - 3.termin 2024
  - 4.termin 2024
  - 5.termin 2024

### 5.2. ØVRIGE ATTESTASJONAR

- Ingen attestasjonar

MRR

## Møre og Romsdal Revisjon SA

Hovudkontor: Kristiansund

Avdelingskontor: Molde, Ålesund, Surnadal

Eigarar:

Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Haram, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund og Møre og Romsdal fylkeskommune.

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 05/25	Fjord kontrollutval	03.02.2025

### **Bestilling av prosjektplan til forvaltningsrevisjon innan personalforvaltning Fjord kontrollutval**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Fjord kontrollutval bestiller ein prosjektplan frå Møre og Romsdal Revisjon SA for gjennomføring av forvaltningsrevisjon innan personalforvaltning i tråd med dei punkta som kjem fram i saka.

Møre og Romsdal Revisjon SA skal levere prosjektplanen med tydeleg problemstilling, anslag på ressursbruk og tidsplan for gjennomføring. Denne planen leggst fram på neste møte i Fjord kontrollutval 24. mars 2025 og skal være grunnlaget for arbeidet med endeleg rapport.

#### **Bakgrunnsinformasjon:**

Fjord kontrollutval gjorde i sitt møte 2. september 2024 (sak 19/24) vedtak om innstilling til Fjord kommunestyre på plan for forvaltningsrevisjon.

Saka blei handsama i Fjord kommunestyre på deira møte 31. oktober 2024 (sak 101/24) og vedteke i tråd med framlegget frå kontrollutvalet.

Kommunestyre valde å prioritere følgande tema:

1. Personalforvaltning
2. Oppvekst
3. Økonomistyring

## **Vurdering:**

Det er ved bestillinga av det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjektet at kontrollutvalet har størst innverknad på problemstillingane som skal undersøkjast, og dermed kva prosjektet skal gje svar på.

Det er difor viktig at kontrollutvalet brukar tid på bestillingsprosessen, for å sikre at prosjektet blir gjennomført i samsvar med utvalet sine ynske.

Eit vanleg utgangspunkt for å bestille ein forvaltningsrevisjon er at utvalet drøftar bakgrunnen for og føremålet med prosjektet og moglege problemstillingar. Drøftingane dannar grunnlag for å be revisor utarbeide ein prosjektplan, eller for å utlyse ein konkurranse der revisor må utarbeide eit tilbod basert på kontrollutvalet sine spesifikasjonar.

I prosjektplan som revisor utarbeider blir kontrollutvalet sine innspel synleggjort med føremål og problemstillingar.

Det er også viktig at det går fram kva kriterium revisjonen vil leggje til grunn, metodebruk og planlagd tids- og ressursbruk. Då vil kontrollutvalet ha eit grunnlag for å vurdere ressursinnsats i høve til prosjektgjennomføring.

Prosjektplan blir send til sekretariatet, som ser til at den er i samsvar med bestillinga frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet handsamar prosjektplanen, og kan godkjenne han med eller utan endringar.

## **Vedlegg**

Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 - kommunestyret sitt vedtak



**Fjord kommune**

Fellestenestene

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat Iks  
Postboks 7881 Spjelkavik

6022 Ålesund

**Vår ref.**

24/1843/FE-  
217/ALOU/41867822

**Dykkar ref.**

**Dato:**

07.11.2024

## Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027

**Kommunestyret - 101/24, 31.10.2024:**

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Fjord kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon 2024 - 2027 slik den ligg føre med følgjande prioriterte områder:

- a. Personalforvaltning
- b. Oppvekst
- c. Økonomistyring

2. Kontrollutvalet får mynde til å gjere endringar i planen og prioriteringa om risikobilete for Fjord kommune endrar seg i perioden.

Med helsing

Alexander Oudijk  
konsulent

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.*

## Saksframlegg

Saksnr. Utval  
PS 06/25 Fjord kontrollutval

Møtedato  
03.02.2025

### Årsmelding 2024 frå Fjord kontrollutval Fjord kontrollutval

#### Sekretariatet si innstilling:

Fjord kontrollutval vedtek årsmeldinga for 2024. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2024.

#### Bakgrunnsinformasjon:

Det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å utøve den løpandekontrollen med den kommunale verksemda.

Kommunestyret må sørge for at kontrollutvalet har dei ressursane som er naudsynte for å gjennomføre pålagde oppgåver, og leggje til rette for god samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal sjå til at rekneskapen til kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte, og at økonomien blir forvalta i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak. Utvalet skal også sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av interessene kommunenhar i selskap. Kontrollutvalet skal rapportere resultatata av arbeidet sitt til kommunestyret.

#### Vurdering:

Årsmeldinga til kontrollutvalet gir informasjon om kva oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2024 og dermed kva utvalet har gjort for å oppfylle rolla si på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet si rolle er heimla i kommuneloven § 23.

Utkast til årsmelding ligg ved som eige dokument. Årsmeldinga er utvalet si årsmelding og det er viktig at kontrollutvalet har eigarskap til meldinga.

Endeleg versjon vert å sende over til kommunestyret som ein rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2024.

**Vedlegg**

Årsmelding Fjord kontrollutval 2024.pdf






# Årsmelding 2024

## Fjord kontrollutval

**Fjord kontrollutval – på vakt for kommunen sine verdier.**

Kommunen er den viktigaste velferdsprodusenten i samfunnet, og forvaltar viktige ressursar på vegne av innbyggjarane. Omfanget av og breidda i den kommunale tenesteproduksjonen medfører behov for utstrekt styring og kontroll.

Kommunal eigenkontroll er den kontrollen kommunen sjølv gjennomfører i eiga verksemd. Eigenkontroll er eit viktig element i det lokale folkestyret, og skal medverke til at kommunen når dei måla som er sette, innanfor rammene av gjeldande regelverk og tildelte ressursar. Eigenkontrollen skal også medverke til å styrkje tilliten til forvaltninga gjennom førebygging og avdekking av mislege handlingar og andre uheldige tilhøve.



Illustrasjon frå Kontrollutvalsboka 2021

## Om kontrollutvalet

Kontrollutvalet er kommunestyret sin reiskap, og det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kommunestyret spelar difor ei avgjerande rolle for kva merksemd kontrollarbeidet har i kommunen. For at kontrollutvalet skal vere ein god reiskap for kommunestyret, må kommunestyret gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår. Og leggje til rette for god samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Fjord kontrollutval har for perioden 2023 - 2027 slik samansetning:

- Johan Arnt Overøye – leiar
- Annrid Margrete Nerhus– nestleiar
- Tanja Mathiesen – medlem
- Anders Jørgen Gjerde– medlem
- Jonas Falch – medlem

## Om revisjonen

Fjord kommune nyttar Møre og Romsdal revisjon SA som revisor. Oppdragsansvarleg revisor i 2024 har vore Ronny Rishaug.

Revisor skal utføre rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og annan kontroll som er bestemt i lov eller forskrift. Til dømes skal rekneskapsrevisor gjennomføre forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, og revisor skal kontrollere grunnlaget for kommunen sitt krav om momskompensasjon. Revisor gjev og ei rekke attestasjonar og fråsegn til mellom anna ulike statlege styresmakter.

I tillegg kan revisor gjennomføre andre oppdrag etter avtale, slik som risiko- og vesentlegvurderingar i samband med utarbeiding av planar og ulike former for undersøkingar.


Oppdragsansvarleg revisor har lagt fram for kontrollutvalet dokumentasjon på sitt sjølvstende både knytt til rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

## Om sekretariatstenesta

Fjord kommune eig ein del av Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS saman med kommunane Stranda, Giske, Sula, Sykkylven, Haram og Ålesund. Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eit sekretariat som er uavhengig av kommunen sin administrasjon og av dei som utfører revisjon for kommunen.

For at kontrollutvalet skal fylle kontrollfunksjonen sin er utvalet avhengig av støtte og tenester frå sekretariat og revisor. Sekretariatet er den viktigaste hjelparen og støttespelaren til kontrollutvalet, og skal sikre at saker som blir handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde og førebudde, og at vedtak vert følgt opp.

God kommunikasjon og samhandling mellom kontrollutval, sekretariat og revisor er ein føresetnad for at kontrollutvalet effektivt kan føre kontroll på vegne av kommunestyret.



### Kontrollutvalet sin aktivitet i 2024:


Fjord kontrollutval har i 2024 hatt 5 møter og behandla 26 saker. Møteprotokollar vert oversendt til kommunestyret som fortløpande rapportering. Leiar i kontrollutvalet har løfta det fram i kommunestyremøta, om der har vore noko i møteprotokollen som kontrollutvalet ville gje særskilt merksemd. Dei saker der kontrollutvalet skal gje tilråding til kommunestyret, vert oversendt kommunestyret som eiga sak utanom protokollen.

Innkalling med saksdokument vert sendt utvalet seinast ei veke før møtet. Innkalling og møteprotokoll har dette året blitt sendt til medlemmane og 1. varamedlem i utvalet samt ordførar v/politisk sekretariat, kommunedirektør og revisjon. Dei same dokumenta blir lagt ut på kontrollutvalet si heimeside [www.kontrollutval.no/Fjord](http://www.kontrollutval.no/Fjord) og er der tilgjengeleg for alle.

### Økonomi og revisjon

På vegne av kommunestyret kontrollerer utvalet om den økonomiske forvaltninga er i tråd med gjeldande reglar og vedtak. Økonomisjefen har møtt utvalet nokre gonger dette året, for å gje informasjon om status for økonomien og om korleis økonomistyringa er.

I tillegg får utvalet fortløpande informasjon frå revisor. Dette vert mellom anna utført gjennom oppsummering frå interimrevisjon, rapport frå forenkla etterlevingskontroll, informasjon om budsjettavvik, rapport etter årsoppgjersrevisjon og revisor si melding knytt til årsrekneskap og årsmelding. Revisor deltek på alle møta i kontrollutvalet.



Kontrollutvalet uttalte seg om kommunen sitt rekneskap for 2023. Til grunn for uttalen låg rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding frå revisor.

Kontrollutvalet tilrådde at rekneskap og årsmelding vart godkjent av kommunestyret.

### Etterlevingskontroll

Formålet med ein forenkla etterlevingskontroll er at revisor innanfor ei avgrensa ressursramme skal gjennomføre ein kontroll som skal kunne førebygge feil og bidra til å sikre at kommunen følgjer sentrale føresegner og vedtak på økonomiområdet. Dette bygger oppunder god økonomiforvaltning, openheit og tillit til forvaltningspraksis. Revisjonen valde i 2024 å sjå nærare på privat bruk av kommunale egedelar.

Kommunerevisjonen uttalte følgende etter kontrollen:

*Fjord kommune har retningslinjer som nemner bruken av kommunale køyretøy og ein har slik sett reglar på området. Retningslinjene gir eit godt rammeverk for bruk av køyretøy, men dekker ikkje nødvendigvis andre typar utstyr.*

*Arbeidsreglementet nemner også tilsette sin bruk av utstyr, men inneheld regulering etter lovverk og retningsliner for HMS. Det er ikkje utdjupa rutinar som tydeleg slår fast at utstyr berre skal brukast til kommunale formål.*

Fjord kontrollutval vil i 2025 følge opp merknadane frå kommunerevisjonen.

### Andre saker

Hovudaktiviteten for Fjord kontrollutval har i 2024 vore å ferdigstille plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll . Utvalet har vore grundig i arbeidet med risiko- og vesentlegrapporten frå kommunerevisjonen. Fjord kommunestyre handsama desse sakane hausten 2024 i tråd med framlegget frå kontrollutvalet. I 2025 ønsker kontrollutvalet å bestille ein forvaltningsrevisjonsrapport i tråd med kommunestyret sine prioriteringar.

Det er berre kommunestyret gjennom sine vedtak som kan pålegge kontrollutvalet å gjera kontrollhandlingar. For alle andre henvendingar er det opp til utvalet sjølv å vurdere og avgjere om dei vil gjere nærare undersøkingar og eventuelt sette i gang ei kontrollhandling. I dei tilfelle der det er opplagt at henvendinga burde vore retta til andre instansar (som klagenemnda, Sivilombodet eller Arbeidstilsynet), gjev sekretariatet rettleiing til meldar om det.

Når kontrollutvalet mottok ei henvending frå innbyggjarar eller via andre kanalar, gjer utvalet

ei vurdering av innhaldet og ser på om det er av ein slik art at det bør setjast i gang ei kontrollhandling. Som ei hjelp i ei slik vurdering har kontrollutvalet hatt nytte av ein trafikklysmoell knytt til sentrale spørsmål. (illustrasjon frå FKT/Deloitte)

Sentrale spørsmål	Ja	Delvis	Nei
• Viser saken til lovbrudd, manglende etterlevelse av kommunale rutiner eller manglende oppfølging av kommunale vedtak?	Grøn	Gul	Raud
• Viser saken til en risiko knyttet til system, rutiner, praksis i kommunen mer generelt innenfor et område?	Grøn	Gul	Raud
• Dreier saken seg i hovedsak om en personlig enkeltsak?	Raud	Gul	Grøn
• Er saken under annen behandling i et annet organ? (rettsapparat, sivilombudsmann, statsforvalter, KOFA, klageorgan i kommunen, varslingskanal)?	Raud	Gul	Grøn
• Er det annen naturlig behandlingsvei for saken (ref. organene nevnt over)?	Raud	Gul	Grøn
• Vedrører saken misnøye med et politisk fattet vedtak?	Raud	Gul	Grøn
• Kan saken, og sakens oppmerksomhet, bidra til at det stilles spørsmål om tilliten til kommunens saksbehandling av en type saker?	Grøn	Gul	Raud
• Berører saken et tema som kontrollutvalget allerede har vurdert som aktuelt for oppfølging i sin risiko- og vesentlighetsanalyse?	Grøn	Gul	Raud
• Foreligger området som et tema i plan for forvaltningsrevisjon eller plan for eierskapskontroll?	Grøn	Gul	Raud
• Kan en gjennomgang bidra til læring og forbedring?	Grøn	Gul	Raud

Det har alltid vore lagt vekt på at kontrollutvalet skal halde seg oppdatert om informasjon og fagutvikling som er aktuell for kontrollutvalet sine oppgåver. Fjord kontrollutval har i 2024 lagt vekt på samhandlinga mellom kontrollutval og revisjon. Fokus har vore på kontrollutvalet si «påsjåar» rolle på vegne av kommunestyret.

### Takk

Fjord kontrollutval takkar kommunestyret, administrasjonen og revisjonen for at dei legg til rette for gode arbeidsvilkår for utvalet. Kontrollutvalet vil gjere sitt beste for å skape eit aktivt og engasjerande kontrollarbeid, stimulere til forbetningsarbeid på systemnivå og medverke til auka openheit og demokratisk innsyn.

Valldalen, 3. februar 2025